

KYRKJELYDEN

Kyrkjelydsblad for Tokke Kommune Nr. 1-2022, årgang 36.





KONTAKTINFORMASJON FOR KYRKJESTABEN:

Sokneprest Hallvard N. Jørgensen
Telefon: 959 22 984
E-post: hallvard.jorgensen@tokke.kommune.no

Kapellan Anne Marie Tempelen
Telefon: 940 37 338
anne.marie.tempelen@tokke.kommune.no.

Kyrkjeverje Bjørnar Christensen
Telefon: 908 77 188
E-post: bjornar.christensen@tokke.kommune.no

Sekretær Silje Sordal Knudsen Heggard
Telefon: 916 01 517
E-post: Silje.heggard@tokke.kommune.no

Prostidiakon Eilev Erikstein
Telefon: 911 13 580
E-post: eilev.erikstein@tokke.kommune.no

Kyrkjetenar Bjarne Moen
Telefon: 906 18 054

Kyrkjetenar Nils Tarjei Dalen
Telefon: 957 45 169

Organist Robertas Lamsodis
Telefon: 970 97 475
E-post: rlamsodis@yahoo.com

KYRKJEKONTORET I TOKKE

E-post:
kyrkjekontoret@tokke.kommune.no
Adresse: Storvegen 60, 3880 Dalen

Kontoret har faste opningstider tysdag og onsdag 10-14, men er til vanleg ope også andre dagar.


Heimeside:
www.kyrkja.tokke.no

Framsida: detalj frå Eidsborg Stavkyrkje.

I REDAKSJONEN:

Hallvard N. Jørgensen (redaktør),
Eilev Erikstein, Gunstein Seltveit,
Christian Utigard.

Kyrkjelydsbladet «Kyrkjelyden»
Vipps 3886, alternativ 1
«Kyrkjelydsbladet i Tokke». Eller:
Kontonummer 2685.07.06947. Dersom
du gjev gåve på bankkonto, merk
overføringa «Gåve, kyrkjelydsbladet».
Bladet drivast no på frivillig basis i alle
ledd, men ein treng stønad til trykking av
blad.





PRESTENS HJØRNE

I ein kjent davidssalme som ofte blir lesen i gravferder, seier salmisten om Gud: «Han leier meg til vatn, der eg finn kvile, og gjev meg ny kraft». Det er eit ord ein kan reflektere over, for det rører ved noko djupt i det å vere menneske. Gud har gjeve oss mange gode kjelder som skal gje oss hjelp gjennom livet. Men kanskje treng vi å minnast om dei, og å reflektere over kvar dei finst?

«Du lot oss dagens krefter kjenne», seiest det i ein kveldssalme. Og så går vi inn i natta, der kroppen kviler og får gjort seg klar for ein ny dag, både i kropp og sjel. Nattemørket og søvnen er altså ei hovudkjelde for nye krefter, som Gud har gjeve oss. Ja – vi er nok meint til å fylgje rytmen til sola, med veksling mellom ljøs og mørke, soloppgang og solnedgang. Her har vi mykje å lære, trur eg, av dyr og planter – og det er jo også her nær naturen som vi høyrer best heime.

«Motsatsen» til nattekvila, er den aktive bruken av kroppen – til glede og gagn for oss sjølve, og for våre næraste, og for menneske i bygd og kyrkjelyd. Ein kan undre seg over kor god stemning det til dømes kan vere på ein fysisk dugnad om eit fellesprosjekt. I kyrkjeleg samanheng omtalar vi den praktiske tenesta for andre, som «diakoni», «teneste». Og kvar og ein vil også finne sine måtar å tene kulturen og sine medmenneske på.

For at arbeid og søvn skal fungere godt, må vi også ha velsmakande og næringsrik mat. Mange bordvers eller bordbøner peikar mot det livgjevande ved heile



måltidet: «Gud signe maten på vårt bord, og mette kvar ein munn på jord. Gud signe oss med faderhand. Gud signe heim og folk og land.» I kyrkja er nattverds-måltidet sentralt – då blir det tydeleg at vi også har fellesskap med Gud, vår gode Skapar, og hans son, Jesus Kristus. Gudstenesta blir slik ei kjelde for fornya tru og livsvon.

Ei viktig kjelde til liv for oss menneske er fellesskapa som vi har med andre menneske: Ektefelle, familie, vener, naboar, kyrkjelyd, arbeidskollegaar – og elles sambygdingar i ulike samanhengar. «Det er ikkje godt for mennesket å vere åleine», seier skapingssoga. Og apostelen seier: «Gjer alt de kan for å ta vare på einskapen i Anden, i den fred som bind saman.» Mykje av det helsebringande med fellesskapet er nettopp det å ha tid og rom til å kjenne seg fri og trygg, og til å dele frå hjarta. Og om ein kan ha plass for spel og leik og song og musikk, så skapast også mykje glede.

Det var nokre viktige livskjelder. Finst det fleire? Ja – mange, og på så mange ulike vis! Og så finst det også noko som heiter «sprukne brønningar» - det er også eit viktig tema. Her er i alle høve nok av spennande ting å utforske, nok av visdom å leite etter, både i eigen kultur og andres kultur, både i vår eiga tid og hjå generasjonar som har levd føre oss.

HNJ



HALLVARD KLEPPA, EMMISÆREN MED SYKKELLEN.

Av Magnhild Meltveit Kleppa



Hallvard hadde ei eiga omsorg for folket i bygdene i Vest-Telemark. Første reisa til Telemark fann stad då han var 24 år. Han var då i lag med Johannes Grimsrud, ein vegslusk som kom frå Notodden til Hjelmeland på mineringsarbeid i Krofjellet.

Grimsrud var ein omvend kommunist, Hallvard var blitt ein kristen eit par år tidlegare, og desse to reiste til Telemark. Dei sykla så langt det var veg, over Haukeli tok dei skia fatt. Dei stod i vekking i vekevis, utan at eg kjenner meir til detaljane.

I mange tiår reiste så Hallvard tilbake til Telemark. Han heldt husmøte og deltok i





møte på fleire bedehus, åleine eller saman med andre talarar.

På Kleppa hadde han gard med kyr, sauer, frukt og bær. Han arbeidde intenst og hadde lange arbeidsdagar når han var heime. Olga, kona hans, undrast nok likevel meir enn ein gong på at han for av garde på tider der det utan tvil var behov for han på garden.

Olga og Hallvard fekk åtte barn, dei lærte tidleg ansvar og oppgåver heime.

Eg er svigerdotter hans. I ettertid angrar me på at me ikkje meir systematisk spurde han ut og skreiv ned opplevingane hans. Siste gongen han sykla over Haukeli var han over 90 år. Me veit han hadde kjende i husa langs vegen frå Røldal og langt ned i Telemark. Han dreiv og ein omfattande korrespondanse. Sjølv fekk me kort med datostempel frå ein eller annan stad i Telemark: «Bestefar har hatt ei god ferd. Er i god kroppsleg form.» Var han heime, deltok me i posting av brev til personar m.a. i Brunkeberg, Kviteseid, Vråli, Vråliosen, Byrtegrend, Høydalsmo, Skafså, Mo, Vinje og Dalen.

Han fortalde gilde historier om korleis Gud heldt handa si over han, t.d. ein

gong han vart påkøyrd av ein bil i Vinjesvingen. «Sykkelen for ein veg, brillene ein annan veg. Eg hamna på panseret, du forunderlege Gud!»

Han sykla som oftast, men om vinteren hende det at han reiste med tog frå Stavanger til Bø. Han fylgde og ein sjeldan gong ein lagleg skyss. Eg hugsar han var opprørt ein gong han måtte vega både seg sjølv og veska si, bilføraren ville vera på den sikre sida!

Han deltok også på bedehuset og gjekk eller sykla på husbesøk på Hjelmeland.

Ei lokal historie fortel korleis han var:

Nokre kjenningar stod på vegen og snakka om kor fort ein samtale kunne gå over i sladder. «Har de nokon gong høyrte nokon som ikkje seier noko stygt om folk?» var det ein som sa. Han fekk raskt svar: «Ja, han Hallvard Kleppa, for han snakkar berre om Jesus».

Eg kan ikkje skriva om Hallvard utan å sitera Romarbrevet 10,1.

Det las han ofte høgt, nærast som ei programerklæring:

«Brør! Mitt hjartans ynske og mi bøn til Gud for dei er at dei må verta frelste.»



KONFIRMANTLEIR 2022

I andre halvdel av juni vart den årlege konfirmantleiren «Ønsket og elsket» arrangert. Her deltok konfirmantar frå Tokke, Vinje, Kviteseid, Hjartdal og Notodden. Saman med konfirmantane var det ein del prestar, mange ungdomsleiarar, nokre foreldre, og også ein del tilsette på Gjennestad, der leiren blir arrangert.

Programmet for leiren var ganske tradisjonelt. Dagane byrja med vekking og frokost, og så var det samlingar i små grupper, med leikar, samtale og også pugging av «kjerneord» som Fader Vår og dei ti boda. Seinare på dagen er det fellesundervisning og seminar, både om kristeleg og meir allmenne tema. Her er mykje både godt og tankevekkande å ta med seg for både unge og eldre. Ein viktig del av dagane er også fritid til sport og spel, samt organiserte leikar som «capture the flag». Éin av kveldane var det også «open scene»; her deltok også konfirmantar frå Tokke, med frisk song og utkleiding!

For eigen del tykkjer eg det har vore særskilt artig å sjå at det er god kontakt og stemning mellom konfirmantane på tvers av kommunegrensene. Eg vil gjerne takke alle konfirmantane frå Tokke for at dei var med og skapte ein triveleg og positiv leir. Og også takk til alle som på ulikt vis har hjelpt til på leiren.

HNJ







Å BLI SETT PRIS PÅ

I år er det 29 år sidan Diakoniprisen for Vest-Telemark vart delt ut. I år var det Liv Lia frå Nissedal som fekk prisen.

Namna på tidlegare prisvinnarar er som ei diakonal historiebok for Vest- Telemark, og eit oversyn over lag og menneske som har gjeve noko ekstra til samfunnet. Men det er sjeldan dei som får prisen synes at det er fortent. Det lyder helst; “Det er så mange andre som fortener det betre?” At mange fortener ein pris er sikkert. Målet, og håpet med ein Diakonipris, er at nokon vert inspirera til å verdsette andre, til å løfte fram små og store diakonheltar. Dei fins det mange av. Dei fleste kjem aldri til å få nokon pris. Men gode ord, klapp på skuldra, ein blom på døra kan vere vel så stort som ein heil pris. At Liv Lia er ein verdig vinnar, er ingen i Nissedal i tvil, kanskje berre Liv sjølv. I år, når det FN sitt Frivilligår, er ho ein god representant for dei mange tusen menneska i Vest- Telemark som gjer noko for andre. Så får og prisen til Liv vera ei verdsetting av alle frivillige, anten det er i diakoni, idrettslag, Frivillig-sentralane, eller historielaga. Neste år er Diakonisamlinga i Tokke fyrste sundagen etter påske, og ein treng framlegg til gode diakonipriskandidatar.

EE





GULLKONFIRMANTFESTAR 2022

No i mai og juni vart det skipa til gullkonfirmantfestar i dei to sokna i Tokke. Denne gongen var det fire kull som var inviterte, konfirmantane frå 1969, 1970, 1971 og 1972. Eidsborg, Mo og Skafså sokneråd la sin fest til Eidsborg stavkyrkje og museet. Høydalsmo og Lårdal arrangerte sin fest i Lårdal kyrkje og på grendehuset, og her var elles festen open for alle. Programmet var ganske likt for dei to sokna: Fyrst gudsteneste med mykje song og musikk; dinest fotografering og tid for samtale; lapskausmiddag, allsong, kaffi og kake, quiz og talar med mimring.

Vi kan konkludere med at det vart trivelege festar med god stemning og mykje «rør» båe stader! I Lårdal kan elles nemnast at det var ein æresgjest: Hans Årneshaugen, som var konfirmant for heile 75 år sidan. Det er mange som kunne fortene ein takk etter arrangement som dette: Sjølv deltakarane, sokneråda som stelte til fest, museet som sytte for god mat – og også andre som på ymse vis hjalp til med både song, musikk, transport og anna.

HNJ



Gullkonfirmentar i Høydalsmo og Lårdal:

Frå venstre: Sverre Bakke, Hans Årneshaugen, Bjarne Lofthus, Hermann Betten, Svein Bakkan, Karin Ofte Gjonsholt, Aslak Ofte, Kari Mæland Bruun, Berit Aamot Ljostad, Jon Einar Tellefsen, Gyrid Kvaale Hefre, Svein Inge Ståland, Sigrun Johanne Odden Forseth, Laila Dortha Erikstad, Gro Pauline Erikstad Gjølhus.





Gullkonfirmantar i Eidsb

Frå venstre, bakerste rekke: Svein Vinjerui, Oddvin Haugen, Tarjei Talleivsen, Rolf Talleivsen, A
land, Knut Olav Plassen, Gunnar Dahle, Jørn Lauvdal, Nils Tarjei Dalen. Frå venstre, framste re
Gerda Lindestad, Gunnhild Garmo, Sissel Brendstuen Timland, Laila Aud Heimdal, Torhild Ny





dsborg, Mo og Skafså:
n, Arve Robert Brandt, Inge Vetle Mostøyl, Roar Eikåsen, Arild Midtgarden, Gunnar Øver-
e rekke: Signe Ingebjørg Lauvik, Aud Oddbjørg Brendstuen, Else Gerd Høst Jensen, Åse
l Nystog, Ingunn Nordbø Eriksen, May Brit Øverland.





SUPERTYSDAG

Det er mange høgtidsdagar i kyrkjeåret. Julekveld og påskedag. Pinsedagen med den Heilage Ande.

Min favorittdag er likevel tysdagen før Palmesundag. Min eigen supertysdag. Ein dag då trua får bein og gå på, og liv og lære vert eitt.

På ein heilt alminneleg tysdag går 40 000 menneske ut med innsamlingsboksar for Kirkens Nødhjelp. 200 av dei bur i Vest-Telemark, og i Tokke er mellom 30-40 engasjerte. Mange av dei er konfirmantar, men meir og meir vert det ei samla oppgåve for heile kyrkjelyden. Sidan 1967 har ein hatt Fasteaksjonen denne aksjonen. Berre TV-aksjonen har fleire bøsseberarar. Kirkens Nødhjelp har ein lang hjelpetradisjon. Det starta med hjelp til den tyske sivilbefolkninga etter 2. verdskrig.

Kirkens Nødhjelp starta med arbeid i det utbomba Tyskland i 1947. Den unge presten Odd Knævelsrud (1917-2011) vart sendt for å hjelpe nordmenn i Tyskland. Fort fann han ut ein ikkje kunne skilje mellom gode nordmenn og tyskarar. Sikkert eit dristig val den gongen. Politisk ukorrekt, men diakonalt rett.

Det som gjorde Kirkens Nødhjelp, meir enn noko, kjend som naudhjelpsorganisasjon var Biafra-krigen. Elias Berge (1922-98) våga det ingen andre hjelpeorganisasjonar våga. Tonn på tonn av mat og medisinar vart nattfluge inn i den delen av Nigeria som kalla seg Biafra. I stupmørket og under

radaren våga flygarane livet.

Og ingen som har levd ei stund kan gløyme tv-bileta av denne svolten.

Ungar med tomme blikk og store magar. I 1970 var krigen over og Biafra vart igjen innlemma i Nigeria. Men for mange starta kanskje trongen til å hjelpe med nokre bilete frå Biafra?

Det er den aktive handlinga ved Fasteaksjonen eg likar. Prat til side. Det er ikkje tanken som tel. Det blir ikkje pengar på bøssa av gode tankar. Difor er det så fint med aktiv handling; Gå, banke på og takke. Frå dør til dør, heile roda ut. Ofte må ein forklare at pengane kjem fram. Aller helst til dei som legg ein femtilapp på Kirkens Nødhjelpsboksen. Men ein skal ikkje forakte det som er smått. Bibelboka fortel om ei enkje som gav i det stille. I samanlikninga kom den skriftlærde dårleg ut.

Konfirmantar har innsamlinga som ein del av konfirmantopplegget. Kirkens Nødhjelp har lært mange generasjonar ungdom å gå med bøsser. Kirkens Nødhjelp og norske kyrkjelydar kan vera stolte av at dei har halde denne dør-til-dør infrastrukturen opp i mange år. Fasteaksjonen er som ein muskel om må trenast. Som tid må slik trening ut av treningslokal og møte verkelege bakkar og motvind.

Eg har ikkje dårleg samvit for å utfordre folk til å gje. Å gje og vera raus sikrar folk eit langt liv, las eg her om dagen. Forsking syner at gåvmilde folk lever lengre. Det er godt folkehelsearbeid å be om pengar til Fasteaksjon.

Så er det harde prioriteringar som må



gjerast i vårt samfunn framover. Me har mange som skal hjelpast her heime. Og ikkje minst vil me at folk skal få hjelp der dei bur. Kirkens Nødhjelp har spesialisert seg på vatn. Dei veit at i kriser er vatn kritisk i alle lokalsamfunn i verda. Krig og mangel på vatn driv folk på flukt.

Men menneske kan aldri anna enn å prøve og overleve. Det lærte eg på ein studietur med Kirkens Nødhjelp til Haiti for nokre år sidan. Ein hardt prøva kaffibonde sa dette om korleis dei heldt ut trass svelt og naud. ”Me har eit ordtak her på Hati. Det er slik . Me går og går, og til slutt vert det ein veg.”

Og ein gong skal eg svare for meg. Tenker at den Gode Gud vil sjå på meg, med stor nåde får eg vone, og seie: Det du gjorde mot ein av desse mine minst, det gjorde du mot meg.

Bilder:

1.Tarjei og Peter i kommunestyre
2.Amalie Beisland Sandok, Mathilde Tveiten og Ronja Prent klare til innsats.
3. Profesjonelle oppteljarar Tjøstov Djuve ; Rune Sørli og Selje S. K. Heggard Tokke- folk er jamt gode til å gje til Fasteaksjonen, men i år gjekk det over alle støvelskaft.73 000 i bøsser, ofringar og på Vipps, og så slapp Peter Fosli Stenseth og Tarjei Øverkleiv til kommunstyret, og kom ut igjen med 100 000 ekstra til Fasteaksjonen. Sogar hovudstadpressa ved Vårt Land skreiv ei side om desse konfirmantane.



EE



KVA VIL DET SEIE Å GIFTE SEG I KYRKJA?

Stundom møter eg par som lurar på korleis prosessen går føre seg frå eit par kontaktar kyrkja og bed om vigsel, og fram til ein blir gift. Her fylgjer difor ein liten presentasjon av dette.

Det heile byrjar som regel med at paret som ynskjer å gifte seg, kontaktar kyrkjekontoret. I kontakten med sekretæren på kyrkjekontoret kan ein då avklare tidspunkt for vigselen, og kva kyrkje ein ynskjer å gifte seg i. Det går i prinsippet også an å ha kyrkjeleg vigsel på andre stader enn i ei kyrkje, men då må presten i regelen søkje prosten om godkjenning fyrst.

Formelt sett må eit par som ynskjer å gifte seg, så søkje om prøvingsattest. Dette er styremaktene si rettslege godkjenning av at vigsel kan finne stad. Prøvingsattesten inneheld også namnet på forlovarane. Det er mest vanleg at brur og brudgom har kvar sin forlovar, men nokon har også to. Ein søker enkelt om attest hjå Skatteetaten på internett. Stundom kjem attesten allereie dagen etter – men det kan visst også ta nokre veker, så ein bør vere ute i god tid. Attesten er gyldig i 4 månader. Når attesten er komen, sendast denne til kyrkjekontoret, slik at presten får den klar til vigselen.

Det neste som skjer frå kyrkja si side, er at presten kontaktar paret 1-2 månader før vigselen for å avtale ein vigselssamtale. Ein møtast gjerne heime hjå paret, dersom dei då bur saman. Ein

kan også møtast i kyrkja der paret skal gifte seg. I samtalen blir ein litt betre kjent. Sjølv spør eg som prest gjerne om kvar paret møtte kvarandre, og om dei kan dele noko som dei særleg set pris på hjå kvarandre.

Så er det også ein del konkrete og praktiske ting å gå gjennom for vigselen. Det er slikt som:

- Val av salmar, ynskje for preludium og postludium.
- Eventuelle ynskje for lesetekstar og tekstlesarar.
- Snakke om kven som går opp kyrkjegolv, kvar forlovarar sit, og anna praktisk.
- Avklaring av eventuelle andre innslag, som song, dikt, musikk.

Dersom vigselen skjer i ei helg, til dømes på ein laurdag, er det ikkje uvanleg å ha ein praktisk gjennomgang i kyrkja dagen før, altså gjerne fredag ettermiddag. Då er gjerne både par og forlovarar til stades, og ein går kort gjennom ritualet – og over på å gå inn i kyrkja, knele, setje på ringar med meir. Nokre par tykkjer det er greitt å «hoppe i det» utan slik praktisk øving, særleg dersom bryllaupet ikkje er så stort, med mange gjester. I alle høve gjev presten tydelege teikn og beskjedar i seremonien, og det viktigaste paret må hugse på, er å svare «ja» på presten sine spørsmål: «Vil du ha NN...vil du elska og ære, og vere trufast...»



Par veljer ulike løysingar for vigsel og bryllaupsfest. Nokon «slår på stortromma» og har ein stor og tradisjonell vigsel, med fest «tre dagar til ende». Andre gjer det i det stille, med berre forlovarar, og kanskje nær familie, til stades – og ofte med ein triveleg middag etterpå. Slik kan det vere for par som allereie har budd saman i ein del år og er godt etablerte, eller par som tidlegare har ekteskap bak seg. Atter andre par legg vigselen til dåpsseremoni for barnet sitt, slik at desse to seremoniane skjer på same tidspunkt, og gjestene får vere med og feire to høgtidelege hendingar. Mange par har gode røynsler med ei slik løysing.



PRESTEMØTE I VEST-TELEMARK

Nokre gonger kvart semester møtast prestane i Vest-Telemark for eit såkalla «sonemøte». På biletet kan ein sjå Knut Bjørn Skyttemyr (Nissedal), Anne Tempelen (Tokke og Vinje), Dag Harald Undheim (Seljord), Asgeir Sele (prost), Møyfrid Lunde (Kviteseid) og Tore Samuelsen (Fyresdal). Denne gongen var vi samla på Betel i Fyresdal sentrum. Men ved kvart møte er vi på ein ny stad i Vest-Telemark.

Sonemøta plar vere veldig trivelege og interessante for oss prestane. Vi delar tankar om liv og teneste – både det som er gledesfylt og «greitt», og det som kan vere utfordrande. Når det høver, drøftar vi prosessar og hendingar i kyrkje og samfunn. Og vi har vanlegvis også ei enkel gudsteneste i den lokale kyrkja der vi er, med bøn og nattverd. Stundom går vi også ein tur og besøker nokon i lokalsamfunnet og høyrer kva dei syslar med til dagleg.

HNJ





NYTT FRÅ TOKKE FRIVILLIGSENTRAL

Denne våren har det vore mykje spennande som har skjedd på Tokke Frivilligsentral – ja, så mykje at det ikkje er mogleg å nemne alt. Det meste av det faste programmet har rulla og gått som vanleg, med kaffisamlingar, gåturar, samtalemøte, seniornett, strikkekafe og anna. Det har også vore ein del spesielle turar. Éin tur gjekk til Borsæ i strålende ver, til hytta til Tone Heddeslid, som arbeider ved sentralen. Carl Gunnar Flønes har også vore engasjert som turleiari i lokalområdet – på turane har han dela tankar om lokal kultur og natur.

Det har vorte arrangert nokre middagssamlingar på sentralen også. Desse har vore populære, med oppmøte på 15-20 personar. Det har også vore nokre kulturelle innslag frå Afrika denne våren. På kvinnedagen 8. februar deltok Torunn Haugsevje og Hilde Øyane og fortalte om bistands- og opplevingsturar til Tanzania. Seinare på våren kom Tømm Kristiansen og dela innhald frå si bok «Afrikanske fortellinger». Dette var eit samarbeid med Tokke folkeakademi og biblioteket, og heile 38 menneske var til stades.

Ei særskilt positiv utvikling ved Frivilligsentralen er opninga av ei avdeling i Høydalsmo sentrum. Denne leiast av Karen Røed, og ber undertittelen «Rødarkroken» (Adressa er Høydalsmovegen 821). Her er det ope onsdag til fredag frå kl. 13. Framover vil det også bli nokre arrangement på kveldstid.

Styret i frivilligsentralen er veldig takknemlege for arbeidet som dei tilsette har gjort, og framleis gjer – for våren 2022 har dette vore Margit Felland Krogh, Tone Heddeslid og Sabine Gati. Alle som deltek på likt og ulikt vis på sentralen – og det er ikkje få – skal også ha stor takk. Til slutt kan vi minne om at Tokke Frivilligsentral har ei facebookside der det meste som skjer, annonserast. Denne er open, det vil seie at ein ikkje treng å ha «konto» for å kome inn på den. Til slutt er det berre å seie: Velkomen til Tokke Frivilligsentral, anten avdeling Dalen eller avdeling Høydalsmo!

HNJ





YX Dalen



- Softis
- Milkshake
- Fast food
- Nysmurt
- Bollar
- Mobiltilbehør
- Propan

YX Dalen, Sturvegen 227, 3880 Dalen
Telefon: 35 07 71 32



www.lioauto.no

Lio Auto A/S
Din lokale bilverkstad



Me utfører:

- Mekaniske reparasjoner
- Karosseri reparasjoner
- Lakkering
- Oljebehandling
- 4-hjulsmaaling
- AC-service
- Diagnose
- Bilvaskmaskin
- Dekkservice

Me reparerer alle bilar!

I tillegg utfører me:
Ruteskift
Rensing/flushing av automatkasser
EU-kontroll
Service på alle bilar

3 års garanti på delar og arbeid! Tlf: 35 07 71 32

Lio Auto A/S
3880 Dalen
Tlf: 35 07 71 32
post@lioauto.no

Mekonomen
Bilverksted

www.lioauto.no



Blomsterbua

Tlf: 35 07 71 67

brithwenche@dalenblomster.no

dalenblomster.no



VISTAD BEDEHUS – MINNE FRÅ EI TID DÅ BEDEHUSET VISTAD VAR I DRIFT.

I førre utgåve av Kyrkjelyden stod ein artikkel om Vistad bedehus. Det meste der var henta frå dagbøkene skrive mellom 1934 og 1982 då bedehuset vart overteke av Husflidlaget. Det kan vere mange som har minne knytta til den tida det var aktivitet på bedehuset. Nokre av dei let vi kome til orde her:

Gunnar og Andrea Nordskog var sentrale personar på Vistad bedehus. Sonen deira, Dag, fortel at han var mykje med foreldra på bedehuset. Heime hadde dei eit orgel Dag spela på med ein finger. Ein gong han var med far sin på bedehuset, gjekk han bort til orgelet og starta spele den einaste melodien han kunne: «Se, der danser bestefar». Då kom presten den gongen springande bort og sa at det måtte han stoppe med! Ja, det var litt andre tider.

Dag kan også fortelje om eit par andre episodar som han hugsar godt. Det var fest ein gong vinterstid på byrjinga av 1950 talet. På den tida hadde mest alle mannfolk kalosjer på utsida av skorne. Kalosjene stod parvis på geledd i gangen. Desse hadde Dag kasta sine augo på. I løpet av kort tid hadde han bytta rundt på kalosjene så ingen passa saman. Dag fortel at det gjekk ein del år før han fortalde kven som hadde funne på dette spikket. Truleg hadde han hamna i «snikkarboden» for dette!



Joletrefest var synonymt med jolenisse, ifylgje Dag. Alltid viktig å finne ut kva som skjulte seg bak maska. Men eitt år hadde dei vaksne låst dørene då jolenissen gjekk ut, så ingen ungar fekk springe etter nissen. Det blei spekulasjonar i fleire år kven dette kunne ha vore. Dei fleste gissa på Ånund Nystad. Det var den tidas Maskorama!



Hans Eikland Lunde har også mange gode minne frå bedehuset på Vistad. Ja, bedehuset var samlingsstad for både gamle og unge som budde vest for brua på Dalen. Som gutunge i byrjinga på 50-talet var joletrefestane på Vistad noko eg såg enormt fram til. Eg minnest kor moro det var å gå rundt joletreet i storsalen. Kakao og jolekaka til Andrea Nordskog var det beste eg visste. Høgdepunktet på desse festane var alltid når jolenissen dukka opp. Ei jol hugsar eg spesielt godt. Lærer Nordskog sa at snart ville nissen kome. Så banka det hardt på døra, og inn kom nissen med både sekk og skjegg. Gunnar ville putte alle jolegåvene opp i sekken, men dette ville ikkje nissen. I staden delte han ut søteple til alle på joletrefesten. Gunnar vart heilt fortvila. Så forsvann jolenissen like fort som han kom. Alle i salen skjøna ingen ting. Eg hugsar ennå replikken til Gunnar: - Ja, dette var nok ein villnisse! Litt seinare dukka den rette nissen opp.





I etterkant lura mange på kven denne villnissen var. Nokre år seinare fortalde far min at det var han som var nissen.

Indremisjonen åtte bedehuset på Vistad. Bestemor mi, Ingebjørg Eikland, var ivrig medlem, og eg følgde med på nokre av dei religiøse møta. Basarane var morosame, men høgdepunkt var misjonærene frå Madagaskar. Dei visa ljusbilete frå misjonsmarka, og hadde opptak av feiande songar av dei nyfrelste. Det var noko anna enn den trauste songen i skulen og i kyrkja. Eg hadde bestemt meg. Når eg blei vaksen, ja, då ville eg bli misjonær på Madagaskar og frelse heidningane der nede til rett religion!

Men slik gjekk det nå ikkje.

På ei joleavslutning på Vest-Telemark vidaregåande skule deltok eg i ein konkurranse med ein annan lærar. Etter tur skulle me gjette om påstandane var rette eller galne. Eg spurde: - Har eg spela munnspele på religiøse møte på Vistad bedehus som gutunge? -Ha-ha, var svaret! Då drog eg munnspelet mitt opp or lomma og spela for heile skulen «Hvilken venn vi har i Jesus». Det enda med at alle elevar og lærarar klappa og song med. Artig minne det også.

Predikantar vitja ofte bedehuset på Vistad, og predikant, eller emisær Kleppa frå Vestlandet var ein av dei. Ein gong øsa han opp stemninga i salen slik at folk gret og nærast tala i tunger. Eg blei reint fælen kor ille dette blei. Så la Kleppa ut om ljuset som åndeleg tema.

Meir ljøs. Me treng meir ljøs i heile verda. Meir ljøs i dette huset au, ropa han ut så det ljoma i veggane. Då var det ein i salen som ikkje følgde så godt med, han

fungerte litt som vaktmeister også, og svara kjapt med klar røyst: -

Set me på meir ljøs nå, ja, då vippar det! (Vippe var ein regulator som kutta straumen ved overforbruk)

Ja, dette er nokre av minna mine frå bedehuset på Vistad.

Åge Strøm flytta med familien frå Korgen til Dalen på midten av 50-talet. Han hugsar godt aktivitetane på Vistad bedehus, blant anna sundagsskulen med Gunnar Nordskog. Særleg eitt minne har brent seg fast hos han. Det vart arrangert Lucia tog med utgangspunkt frå bedehuset. Fyrst i toget var det hest med dombjøller og slede. Etter gjekk ein flokk av kvitkledded jenter og gutar med ljøs. Songen «Santa Lucia» ljoma bortetter vegen, sjølv om det var bikkjekaldt. Dag Nordskog kan fortelje at det var Signe Napen som dreiv syskulen på Vistad som stod bak Lucia feiringa.

I møteboka frå Vistad bedehus står det at Bondekvinnelaget hadde joletrefest på bedehuset. Overskotet den kvelden gjekk uavkorta til ny kyrkje på Berg på Senja. Det blei sendt kr. 135,- . Det er litt interessant at nettopp kyrkja på Berg har blitt vald ut. Det var forresten i Berg kyrkje vår fyrste kvinlege prest, Ingrid Bjerkås, vart prest i 1961.

Etter å ha kontakta Bygdekvinnelaget (tidlegare Bondekvinnelaget) sentralt, i fylket og lokalt, kunne ingen gje svar på kvifor Skafså og Mo Bondekvinnelag valde å støtte ei grend langt mot nord med pengar til ny kyrkje. Men takka vere ein lokal person på Senja, Trond Hellemo (også salmediktar med ei



salme i salmeboka, nr. 288), fekk vi svar på «mysteriet». Ikkje det at han heller visste det, men han tok kontakt med Nasjonalbiblioteket. Der har dei skanna aviser frå heile landet langt attende i tid. 9. sept. 1953 stod det blant anna i Kongsberg Dagblad: - Av de oppgaver som er tatt opp siste året kan nevnes gjenreising av Berg kirke på Senja i Troms. Bondekvinnelaga vil gå sammen om å samle inn penger til gjenreising av denne kirke som ble revet av tyskerne. Mest den same ordlyden stod i dusinvis av aviser rundt om i landet i perioden 1952-53. Hellemo kunne opplyse at tyskarane reiv kyrkja for å få betre utsikt for kanonstillingane sine ut mot fjorden. Han fortalde også at han og kona vart vigd av Ingrid Bjerkås kort tid etter at ho hadde kome til Berg. Det var litt uvant, sa han, at det var ei kvinne med svart prestekjole og pipekrage som stod for vigselen. Ragnhild Hellemo som er frå Berg, og vart konfirmert der i 1955 kort tid etter at kyrkja stod ferdig, fortalde at ho ikkje visste at Bondekvinnelag over heile landet hadde hjelpt til med reising av kyrkja på Berg. Ho sa at før tyskarane reiv kyrkja, fekk soknet berga ut det dei ynskte frå kyrkja. Men sjølv om dei fekk hjelp frå heile landet til reising av kyrkje, hadde også dei hjelpt mange etter at tyskarane hadde brent ned store delar av Finnmark i krigens slutfase. Her fekk mange mat og husly i lang tid. Kan nemne at Bygdekvinnelaget sentralt tykte det var interessant og flott å vite om det Bondekvinnelaget hadde gjort på 50-talet. Takka vere møteboka til Vistad bedehus vart dette kjent på nytt!



Berg kyrkje på Senja



Ingrid Bjerkås

GS



Nytt misjonsprosjekt for Eidsborg, Mo og Skafså sokn

Kvart sokneråd skal ha eit misjonsprosjekt, og no har Eidsborg, Mo og Skafså også valt eit for sin periode. Vi måtte fundere mykje på kva prosjekt som kunne høve. Etter kvart fann vi ut at vi ville støtte Normisjon sitt arbeid, sidan klubben 10-16 i Skafså er tilknytta denne organisasjonen.

Soknerådet valte til slutt eit prosjekt hjå Udi-folket i Aserbajdsjan. Prosjektet handlar om kristen identitet, og om historiske og kulturelle røter. Mellom anna er butikken «FolkArt» ein del av prosjektet; her seljast lokale produkt med husflid og handverk. Kanskje kan Normisjon sitt prosjekt ha interessante samanhengar også til oss i Tokke? Det vil informerast om, og samlast inn takkoffer til, prosjektet på nokre gudstenester i dei neste åra.



SNEKKERMESTER

Per Bjerke AS

Vinduer - Dører - Innredninger
Restaurering - Montering

Snekkerverksted Etbl. 1932



Ring Frode 92888841

Epost: frode@perbjerke.no
Vistadmoen 3, 3880 DALEN





STØTTEKONSERT FOR UKRAINA I SKAFSÅHEII FJELLKYRKJE FREDAG 20. MAI: ARNE OG DAVID.

Om lag 50 personar fylte Fjellkyrkja denne kvelden, både for å syne støtte til Ukraina, men også for å høyre trubadurane David Johansen og Arne Johannesen. Det var eit tydeleg engasjement, noko som smitta over på tilhøyrarane. Venke Bakke, som leia konserten, batt det heile flott saman, blant anna ved å lese dikt mellom songane. Anna Volgin som er frå Ukraina, men busett i Austheii, vart intervjuet om korleis livet i Ukraina var før krigen, og korleis alt nå har blitt snudd på hovudet for familie og vener. Det er ikkje lett for andre å sette seg inn i det folk i nabolandet vårt nå opplever. David og Arne gav oss mange flotte smakebitar av norske og svenske viser, blant andre «Vår herres Klinkekule», som av folket har blitt kåra til den beste songteksten i Noreg etter 1945. Til avslutning fekk alle vere med og synge:

«I natt jag drømde noget som
jag aldri drømt førut,
jag drømde det var fred på jord
och alla krig var slut».

Overskotet på kr. 9000,- denne kvelden går uavkorta til «Leger uten grenser i Ukraina».

Takk for ein gild kveld!

Referent





Tokke seniornett og Tokke Frivilligsentral

Datahjelp til seniorer.

Vi har kurs/møter/veiledninger
på Frivilligsentralen i Tokke,
hver torsdag kl. 11.00 til
kl. 14.00.

Hotellvegen 1, 3880 Dalen.
Smittevern blir tatt hensyn til.
Alle er velkommen.



TOKKE SENIORNETT
- får seniorene på nett -

tokke@seniornett.no



Tokke Frivilligsentral, Hotellvegen 1.

Ope

Tysdag-fredag 11-14

Vandring måndag - fredag kl. 11


Velkomen til oss!





REBUS

Kva kroppsdelar finn du her? Klarar du 10 rette svar, er du med i trekkinga. Send inn svar innan oktober til Gunstein Seltveit, Skafsåvegen 705, 3880 Dalen, eller på mail til gunstein@seltveit.no Lukke til!



Rette svar til rebus om Land/statar førre utgåve.
1. Hellas 2. Jordan 3. Haiti 4. Togo 5. Austerrike 6. Burma 7. Niger 8. Noreg
9. Frankrike 10. Chile 11. Libya 12. Romania 13. Bhutan 14. Mali
15. Bolivia 16. Peru 17. Senegal 18. Sovjet 19. Costa Rica 20. Korea.
Nr. 10 Chile hadde mange problem med, og det er ikkje vanskeleg å forstå. Men
2 personar hadde rett svar der. Det var elles så mange innsendte svar at vi
trekker ut 2 heldige vinnarar denne gongen.
Desse blei: Ragnhild Mandt og Modgun Haugan. Ein Twist-pose er like rundt
hjørnet. Gratulerer, og også gratulerer til dei som har sendt inn svar. Alle
hadde godt over 10 rette.



FJELLKYRKJESTEMNE SUNDAG 19. JUNI

Gudsteneste kl. 1100

Varm mat med kaffi og kaker på Café Hallbjønn kr. 160,-

Etter mat vil Flekkerøy sangkamerater stå for innhaldet. Dei vert også med under gudstenesta.



ONSDAG 7. SEPTEMBER KL. 1200: VI OVER 60 TREFF


Vi får besøk av multimusikar Frode

Moltemyr som vil underhalde

Ymse underholdning

Varm mat brakt ned frå Café Hallbjønn,
kaffi og kaker

Arr: Mo/Byrte pensjonistlag, Dalen pensjonistlag og Fjellkyrkjelaget



FREDAG 7. OKTOBER KL. 1800

Gla'song kveld

Medverkande: Herdis, Øyvind og Hallvard Jørgensen, Helge Johannesen og Jarle Bryne.



MI FAVORITTSALME

Av Anne Maria Brokka



På min vesle rundtur går eg forbi det gamle bedehuset i Nordbygdi., Betania. Mange minne dukkar fram frå eg var med mor mi på møte her, - pinsevenmøte.

Eg ser for meg den trufaste forsamlinga av kvinner med hatt og hårtull i nakken, og menn utan hatt. Musikken på podiet, som bestod av damer med gitar, mamma var med, Hilmer på trekkspel, Halvor på mandolin. Dei song frå hjartet; “De kommer fra øst og vest, de kommer fra syd og nord”, “ Til det gamle ærverdige kors”, “Salige visshet, Jesus er min.” Fengande, lette å synge, menigheita var med.

Av og til var det fest. Fest var stort sett på søndagar, då var det formiddagsmøte og ettermiddagsmøte, med matpause i mellom. Suppe eller smørbrød, kaker og kaffi.

Det blei ofte litt stemning på pinsevenmøte, vitnesbyrd, tungetale, predikantar så høgrøsta at veggane rista og forskremde naboar lura på kva som gjekk føre seg. Sjølv kan eg ikkje hugse dette som særleg skremmande, eller latterleg, for den del. Om det ikkje var der eg fann min plass etterkvart, var det trygge menneske, grunnfesta i si tru.

Sjølv om ein med tida får nye perspektiv, og kanskje ei viss utviding av horisonten, har det gamle bedehuset og songane derfrå ein plass i hjartet.

Den songen som har vori med i alle år er «Navnet Jesus blekner aldri» . Frå bedehuset i Nordbygdi til mange andre samanhengar. Songen er skriven av frelsesoffiser David Welander i 1923, og har også fått plass i salmeboka. Det er ein song alle på min alder kjenner godt. Tidene skiftar, men «Navnet Jesus blekner aldri» gjev framleis mening.





KONFIRMANT

Hei, du som er født i 2008! Vi ynskjer deg velkommen som konfirmant.

I konfirmasjonstida får du oppleve:

- Gode fellesskap og nye opplevingar
- Undervising og samtalor om små og store utfordringar i livet
- Å bli kjent med kyrkja gjennom ulike aktivitetar
- Konfirmantleir
- Flott og høgtideleg avslutning med konfirmasjonsgudsteneste

Påmelding til konfirmasjonen skjer på nettsida vår:
www.kyrkja.tokke.no

Ved spørsmål – kontakt kyrkjekontoret tlf. 350 75 230/
epost: kyrkjekontoret@tokke.kommune.no.



DEN NORSKE KYRKJA



VANDRING I SOLIDARITET OG TAKKSEMD

Pilegrim er noko dei fleste religionar dei har. Det handlar om at bryte opp for å finne noko betre, slik også dagens flyktningar gjer.

Kyrkja i Øvre Telemark har sidan 2017 markert FN's Flyktningdag med ei pilegrimsvandring. Denne veka skjedde det i Kviteseid. (Onsdag 15 juni) Det prosten i Øvre Telemark Asgeir Sele og diakonane i prostiet som står bak invitasjonen.

I år kom Vaksenopplæringane frå Seljord/Kviteseid samt prestane og diakonane i prostiet. Frå Kviteseid var også Diakoniutvalet med. Seksti menneske vart det til slutt. I alle fire til åtti.

Etter tre kilometers vandring rundt kyrkja, var alle innbedne til ei lita musikkstund i kyrkja. Organist Olav Holm hadde sett saman ein program som spente frå Ole Paus til songar på ukrainsk. Mona Bøe frå Kirkens Nødhjelp heldt appell og fortalte om krig, konflikt og klimaendringar som gjer at over 100 millionar menneske er på flukt. Me all grunn til å vera takksame for det me har og vera glade me har noko å dele, avslutta Mona Bøe.





RUI -SEMINARET 2022 ER HISTORIE

Det andre Rui-seminaret i historia vart avvikla i 26 juni. Dagens tema var “Gjev oss i dag vårt daglege brød”, og handla med aanna om matsikkerheit. Her var det Messe for Skaparverket, og samtale om matvaresikkerheit. Vel førti menneske deltok på seminaret som er eit samarbeid mellom Tokke kommune og Kyrkja i Tokke.



Olav Johre
P.b. 43, 3886 Dalen
Besøksadresser:
Hotelvegen 16, 3880 Dalen
tlf. +4735077550
mobil +4791518005
Epostadresse:
olav.johre@johrerevisjon.no
Web: johrerevisjon.no



SLEKTERS GONG

EIDSBORG, MO OG SKAFSA SOKN

DØYPTE:

Neri Rinden Johre
Heidi Kyrkjebø Moen
Tiril Omland Brokka
Lars Olsen Klausen
Sindre Gjerlid
Kevin Idul Abusland



VIGDE:

Lisbeth Omland og Torstein Brokka Kveven
Mulla Reshmabee og Christer Alexander
Nielsen



DØDE:

Olav Magne Hovden (Mo kyrkje)
Ernst Sigmund Bekk (Skafså kyrkje)
Bjørn Inge Larsen (Eidsborg stavkyrkje)
Bjarne Slettetveit (Mo kyrkje)
Ragni Anna Kolstad (Eidsborg stavkyrkje)
Ingebjørg Lio (Skafså kyrkje)
Gudrun Vistad (Skafså kyrkje)
Hildegunn Verpe (Eidsborg stavkyrkje)
Eva Ida Frantzen Heimdal (Skafså kyrkje)
Finn Martin Frantzen (Skafså kyrkje)
Gunnar Torfinn Haugo (Mo kyrkje)
Martha Sigrid Solli (Skafså kyrkje)





GUDSTENESTAR FRAMOVER

Sundag 10. juli kl. 14 - Eidsborg stavkyrkje.

Sundag 24. juli kl. 14 - Eidsborg stavkyrkje.

Sundag 31. juli kl. 14 - Eidsborg stavkyrkje.

Sundag 7. august kl. 11 - Skafså kyrkje.

(Sundag 7. august kl. 12 - Øyfjell kyrkje. Bygdedagen)

Laurdag 10. august kl. 11 og 13. - Skafså kyrkje. Konfirmasjon.

Sundag 21. august kl. 11. Eidsborg stavkyrkje. Familiedag ved museet.

Laurdag 27. august kl. 12 og 14. Eidsborg stavkyrkje. Konfirmasjon.

Sundag 28. august kl. 11. Lårdal kyrkje. Konfirmasjon.

Laurdag 3. september kl. 1230. Mo kyrkje. Konfirmasjon.

Sundag 18. september kl. 11. Høydalsmo kyrkje.

Sundag 18. september kl. 1630. Tokke kulturhus.

Sundag 25. september kl. 11. Skafså kyrkje.

Sundag 2. oktober kl. 11. Tokke kulturhus.

Sundag 16. oktober kl. 11. Lårdal kyrkje.

Sundag 16. oktober kl. 1630. Tokke kulturhus.

Sundag 23. oktober kl. 11. Byrte skule.

Sundag 30. oktober kl. 11. Skafså kyrkje.

Sundag 6. november kl. 1630. Minnemesse.


Sundag 20. november kl. 11. Høydalsmo kyrkje. Samling på Elim etterpå.

Sundag 20. november kl. 1630. Tokke kulturhus.

Atterhald om endringar. Sjå elles kalender på kyrkja.tokke.no eller annonse i Vest-Telemark Blad. Fylg gjerne også kyrkja i Tokke på facebookside @dnktokke.

INFORMASJON

Returadresse
KYRKJELYDEN
Storvegen 60
3880 Dalen



Tokke
Begravelsesbyrå
blir til
Vest-Telemark
gravferdsbyrå AS

1. mai overtok
Kjetil Hylland Olsnes drifta
av Tokke begravelsesbyrå
etter Torgeir Kovajord
og Eldbjørg Landsverk.
Samstundes bytter
byrået navn.

Døgnvakt
928 13 634

Gravferdstenester
Gravstein
Omsliping, påskrift,
vask og oppussing av
eldre gravstein
www.vtgravferd.no